



Kjetil Soltveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1176 - 18/29195

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

24.09.2018

## Svar vedkomande e-post frå FAU Knarvik barneskule om trygg skoleveg - Juvikstølen

I vegtrafikklova har me i Norge to generelle fartsgrenser, 50km/t og 80km/t. Alle andre fartsgrenser er det særskilde vedtak på. Eit vedtak om særskild fartsgrense er det berre regionvegkontoret som har mynde til å utstede. Vedtaka er heimla i lovverket og handbøkene til Statens vegvesen. Før regionvegkontoret fattar vedtak, skal det ligge føre ein uttale frå politiet som er utøvande mynde.

Som vegforvaltar må ein sjå på heilheiten og trafikksikring er ei svært viktig vurdering i den samanhengen. Det er viktig å vurdere hensynet til alle brukarane av vegen, i tillegg til drift og vedlikehald. Dei mjuke trafikantane er mest sårbare og kommunen har høg fokus på deira tryggleik.

Bakgrunnen for søknad om vedtak med 40km/t frå E39 på hovudvegen gjennom Lonsvegen og Juvikstølen mot fv57, er tatt ut frå ei trafikkfagleg vurdering. Lonsvegen er å sjå på som ein samleveg som er hovudåra gjennom Lonsvegen/Juvikstølen og samlar alle vegane frå byggefeltet i området.

Det var synfaring saman med politiet ved lensmann Vangberg i forkant av at søknaden vart sendt.

Det var ingen kommentarar frå verken vegmynde eller politi i den prosessen. Søknad og vedtak frå vegmynde om 40km/t mellom E39 og fv57, gjennom hovudvegen Lonsvegen/Juvikstølen, er lagt ved.

Som ekstra tiltak vil dei heva kryssa og gangfeltstripene få blå bunnfarge. Dette fører til at dei vert meir synlege. I tillegg vil det bli endra belysning på overgangane, intensivert LED-belysning, slik at fotgjengarar skal bli meir synlege. Det er likevel viktig med bruk av refleks for å bli ekstra godt synleg i mørket!

Materiale for farga botn i kryss og gangfelt, inkludert kvite gangfeltstriper, ligg på lager i Bergen i påvente av betre ver. Det er behov for 2-3 dagar samanhengande oppløst og tørt asfalt for at det skal få skikkelig heft i asfalten og ikkje løsne frå underlaget.

I kommunestyrevedtaket frå mars 2010, står det at trafikksikringstiltaka skal vurderast ved endra trafikkbilde. Vegavdelinga i Lindås kommune meiner at trafikkbildet vert vesentlig endra når nye Knarvik barneskule vert opna hausten 2019. Då vil Lonsvegen i aust bli skuleveg for mange born frå Gjervik/nedsida av E39. Denne strekninga har hatt 50 km/t og det ønska ein å gjere noko med. Lonsvegen/ Juvikstølen er for lang til at det kan være 30km/t-sone på heile strekninga som fungerer som samleveg for fleire

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



kommunale og private tilkomstvegar. Regelverket for bruk av 30-sone er blant anna at det ikkje bør være meir enn maksimalt 800m frå bustad eller bedrift den mest hensiktsmessige vegen ut av sona.

Strekninga som no vert gjort om til 40 km/t gjeld sjølve hovudvegen gjennom Lonene og Juvikstølen, frå E39 til fylkesveg 57. Dette vegstrekket er å sjå på som ein samleveg kor det og er viktig med god trafikkflyt. For å få det til på ein god og fornuftig måte, kan ein ikkje variere fartsgrensene for mykje. 40km/t vart difor, frå ein trafikkfagleg ståstad, det ein vart samde om i dei ulike fagetatane. Alle tilkomstvegane i området vil behalde særskild fartsgrense 30km/t.

I tillegg til at mange nye bustader er etablert, pågår det ei auke både i bustadbygging og planlegging av større bustadområder langs Lonsvegen i Knarvik aust. Dette fører til at Lonsvegen blir å samle fleire nye tilkomstvegar. Ser ein framover og på planane for Lonena i Knarvik, kan det om kort tid være behov for ei bussrute langs strekninga. Lonsvegen vart i si tid etablert med busstopp med tanke på rutebuss når området vart vidare utbygd. Matebuss for å få ned trafikken på strekninga har lenge vore diskutert og humpane er difor dimensjonert for buss.

Med bakgrunn i tilbakemelding frå innbyggjarar og FAU ved Knarvik barneskule, har me sett nærmare på strekninga langs Knarvik vgs og ungdomskulen på nytt. Vegavdelinga kjem til å be om politiets vurdering og vurdere søknad om å få behalde 30 km/t på strekninga frå fv57 og forbi parkeringsplassen vis a vis ungdomskulen.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

SAK - Juvikstølen barnehage, trafikkisikring av tilkomst  
Møteprotokoll PM aug 2008 Trafikkisikring Juvikstølen  
Møteprotokoll FO aug 2008 - Trafikkisikring Juvikstølen  
Møteprotokoll KO mars 2010 Trafikkisikring Juvikstølen  
Søknad om skiltvedtak - kommunal veg Lonsvegen - gangfelt og særskilt fartsgrense  
Skiltvedtak - SVV med vedlegg

**Kopi til:**

Arne Eikefet  
Atle Dingen  
Bebuar Orresteinen  
Driftsavdeling veg  
Hogne Haugsdal  
Rune Kilen

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Kjetil Soltveit